



Motoren vert heist ombord i Beinavikjo

Bestefarskibet flyter igjen!

Det kunne Simon og Nina frå Horsens i Danmark begeistret slå fast på Neset i ettermiddag då eit båtklenodium vart lirka ut av nauset og flaut som ein kork på fjorden, Det er 13 år sidan Arendalssnekka sist hadde vatn under kjølen og enda lenger sidan han vart nytta til sitt opphavelige føremål som var fangst av ål.

Nils Myklebust eigde snekka og sidan han gjekk bort har sonen Ørnulf gjort det. Han bur i Danmark, men har ein vaken sans for å ta vare på museale gjenstandar også på heimplassen.



Båten på veg ut av naustet

No er han her på ferie og då passa det bra å gjennomføra båtoperasjonen som han har planlagt lenge. Motoren var kaputt og Ørnulf kjøpte ein brukt motor på nettet i Helgeroa utan å ha sett han. Ein nabo køyrde motoren hit og i dag vart han løfta over i Skorpobåten ved Byggeriet i Beinavikjo. Så vart båten varsamt buksert ut av naustet av Ørnulf og Tore Langballe, som har røtene sine på Skorpo. Litt spente var nokon kvar, men operasjonen gjekk uanstrengt og no er både båten og motoren på verftet på Skorpo der motoren skal monterast på plass.

Og om ikkje lenge får vi høra att den velkjende og trivelege snekke-tøfftinga på Neset!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Skibet flyter!